

Spelte for 30. gang på tradisjonsrik julefest.

29.12.2016



Musikklagsmedlemmer har sytt for julemusikk på dei 30 siste juletrefestane i Vonheim.(Foto: L. Matre)

**Den tradisjonsrike julefesten i Vonheim vart arrangert på 4. juledag. Det var godt med folk i forsamlingshuset på Haugland då festprogrammet vart avvikla etter ein fast leist som fungerer godt. Det var også eit jubileum i programmet då ei gruppe frå Uskedal musikklag opna festen med julesongar for 30. gang.**



Sivert, Karoline og Filip les juleevangeliet.

Det var i 1987 at Leif Matre tok initiativ til dette like etter han sjølv hadde gjort comeback som korpsmusikar. På denne tida hadde musikklaget mange medlemmer, og det var ikke plass på den vesle scenen til at alle kunne vera med. Dermed kan vi seia at det var kamp om plassene til denne spelinga. Første gongen var det 5 eller 6 musikkarar, og Leif Matre, Bente Håvik, Einar Gjertsen, Trude Berntsen og Gunnvald Friheim var blant dei. Om det var ein musikar til, er vi usikre på. Etter dette har musikklagsmedlemmer sytt for julemusikk på denne festen, noko både musikkarar, arrangørar og publikum har sett stor pris på. Jubileet vart markert ved at arrangørane overrekte blom som takk til kvar einskild musikar.

Etter musikkopninga fulgte programmet den faste gode leisten. Tre 5.klassingar Filip Musland, Sivert og Karoline E. Myklebust les juleevangeliet, medan Inger Elise Helgeland heldt andakt. Deretter var det tid for tre kjekke selskapsleikar leia av Ingunn E. Myklebust og sonen Sivert. Med både heilt unge og nokre godt vaksne deltakarar skapte det både engasjement, spenning og underhaldning både blant publikum og deltakarar. Her var det lagkonkurranse i song, skostafett og det heile vart avslutta med at Tore Musland og Sigmund Myklebust fekk utdelt kvar sin pose med kle som dei skulle få på seg raskast mogeleg. Her var det mykje god underhaldning før vinnaren vart kåra.

Etter programmet oppe forflytta folket seg til matsalen i kjellaren. Der var det matøkt med medbrakt og god drøs. Tipping på godteglas var det også, og etter ei stund dukka nissen opp med pakkar til borna.

Som vanleg vart den tradisjonsrike festen avslutta med gang rundt juletre, slik det skal vera på ein skikkeleg juletrefest!



Leif Matre var den som tok initiativ til første spelinga til musikklaget.



Kvart musikklagsmedlem fekk blom som takk for musikk gjennom mange år.(Foto: E. Gjertsen)



Frå den underhaldande songkonkurransen.



Klar gå for skostafett.



Raskt og gale gav påkledningskonkurransen god underhaldning.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Leif Matre, Einar Gjertsen og Thor Inge Døssland.